



Innkalling av Kommunestyret

Møtedato: 02.05.2019
Møtestad: Konferanserommet
Møtetid: 09:00 - 15:00

Eventuelle forfall må meldast via Møteportalen (politikarportalen). Ordføraren må og få melding om forfall til møter.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
020/2019	Godkjenning av innkalling og sakliste
021/2019	Godkjenning av møteprotokoll
022/2019	Orienteringssaker
023/2019	Eigarskapsmelding - Modalen kommune.
024/2019	IKT Nordhordland - utviding med fleire kommunar og endring av samarbeidsavtale
025/2019	Revidering av reglement for godtgjersle til folkevalde.

24. april 2019

Tom Kristian Thorsen
møteleiar

Jo Bjarte Tømmerbakke
sekretær

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	19/98

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
020/2019	Kommunestyret	PS	02.05.2019

Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-033	19/98

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
021/2019	Kommunestyret	PS	02.05.2019

Godkjenning av møteprotokoll

Forslag til vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

Saksopplysningar:

Vedlegg:

Protokoll - Kommunestyret - 28.03.2019

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	19/98

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
022/2019	Kommunestyret	PS	02.05.2019

Orienteringssaker

Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
022/2019.1	VS: Høring - Nasjonal ramme for vindkraft
022/2019.2	VS: Ny høringsfrist

Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Vedlegg:

Høring - Nasjonal ramme for vindkraft

Høring - Nasjonal ramme for vindkraft. Høringsfrist

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø		19/113

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
023/2019	Kommunestyret	PS	02.05.2019

Eigarskapsmelding - Modalen kommune.

Forslag til vedtak:

Modalen kommune vedtek «Eigarskapsmelding – Modalen kommune» m/ vedlegg slik ho ligg føre.

Saksopplysningar:

Nordhordland Revisjon IKS leverte hausten 2018 rapport om selskapskontroll av Modalen Næringsbygg AS. Kontrollen vart gjennomført på bakgrunn av bestilling frå kontrollutvalet i møte 07.12.17, jfr. sak 21/17.

Med utgangspunkt i kontrollen har Nordhordland Revisjon IKS gjeve Modalen kommune 5 kulepunkt med tilrådingar.

Kulepunkt 1.

Utarbeide og vedta i kvar kommunestyreperiode ei eigarskapsmelding som fastset overordna prinsipp for kommunen sitt eigarskap i selskap, gjev oversikt over kommunen sine eigarpartar i selskap, og forankrar kommunikasjonsrutinar mellom kommunestyret, eigarrepresentantar og selskapet.

Vedlagt i saka finn ein framlegg til «Eigarskapsmelding - Modalen kommune» kor tilrådingane i punkt 1 er ivaretekne.

Kulepunkt 2.

Utarbeide og vedta i kvar kommunestyreperiode ein selskaps spesifikk eigarstrategi som regulerer styringa av selskapet, sikrar medviten eigarstyring og openheit, og ei medviten haldning til selskapet sitt føremål.

Vedlagt i saka finn ein framlegg til «Eigarskapsmelding - Modalen kommune» kor det på s. 9 er utarbeidd «Strategi – Modalen Næringsbygg AS». Det er ikkje utarbeidd verksemdsstrategi for selskapet då denne må utarbeidast av styret og meldast tilbake til kommunestyret v/ eigarrepresentanten. På side 8 finn ein «Generell eigarstrategi» som også bidreg til reguleringa.

«Styringsgrunnlag og styringsstruktur» og «Rutinar for styreleiar i selskap kor Modalen kommune har over 50 % eigarskap» er omtala på side 5.

Kulepunkt 3.

Etablere rutine for å gje skriftleg fullmakt til eigarrepresentantar i selskap kommunen har eigarpart i, samt utarbeide tydeleg rolle- og ansvarsskildring for eigarrepresentantar.

På side 10 i framlegg til «Eigarskapsmelding – Modalen kommune» er det utarbeidd «Instruks for eigarrepresentant – Modalen kommune». I innleiinga i instruksen er rutine skildra.

Kulepunkt 4.

Ta initiativ til å vedtektsfeste valkomitè ved nominasjon av nye styremedlemmar, og at nominasjonen grunnleggjast med vurderingar av forventningar, kompetanse, kjønnsmessig balanse og habilitet.

I framlegg til «Eigarskapsmelding – Modalen kommune» er det på s. 4 utarbeidd «Rutine for val av styremedlemmar». Formannskapet er valkomitè når det gjeld å fremje kandidatar til selskap kor kommunen eig meir enn 50 %. I rutinen er det innarbeidd punkt som skal sikre vurdering av forventningar, kompetanse, kjønnsbalanse og habilitet.

I vedlegg 1 (s. 11) til framlegg til «Eigarskapsmelding – Modalen kommune» *Saker eigarrepresentanten skal følgje opp med styreleiar i Modalen Næringsbygg AS* er det i pkt. 6 føreslått å forankre valkomitè (formannskapet) i selskapsavtalen/vedtektene.

Kulepunkt 5

Oppmode selskapet til å utarbeide styreinstruks med rammer og rutinar for styret sitt arbeid som sikrar tilstrekkeleg kompetanse og kompetanseutvikling, at styreprotokollar vert signert, og at styremedlemmar registrerer seg i styreververegisteret.

Det er i framlegg til «Eigarskapsmelding – Modalen kommune» utarbeidd rutine for styreleiar (s. 5). Styreleiar skal i fortsettinga etablere rutinar (inkl. instruks) som ivaretek styret.

I vedlegg 1 (s. 11) til framlegg til eigarskapsmelding *Saker eigarrepresentanten skal følgje opp med styreleiar i Modalen Næringsbygg AS* er det i pkt. 2 føreslått å sikre signatur på møteprotokollar. På side 5 i framlegg til «Eigarskapsmelding – Modalen kommune» er det under *Godtgjering av styreverv* vist til at alle som tek på seg styreverv for kommunale selskap bør registrere verva sine i styrevervregisteret.

Vurdering

For at kommunalt eigde selskap skal kunne bidra til å sikre god samfunnsutvikling i tråd med kommunen sine samla interesser er det naudsynt å ha gode styringsdokument. Ein må ein sikre at styringsdokumenta kan vere gode verktøy både i det daglege og det langsiktige arbeidet. Rådmannen si vurdering er at framlegg til eigarskapsmelding ivaretar desse omsyna.

Det har vore viktig og retningsgjevande å leggje Nordhordland Revisjon IKS sine tilrådingar til grunn.

I framlegg til «Eigarskapsmelding – Modalen kommune» er det under *Strategi – Modalen Næringsbygg AS* ikkje tatt med styret sin strategi. Denne skal byggje på eigarstrategien. Rådmannen si vurdering er at framlegg til eigarskapsmelding vert vedteken slik ho no ligg føre. Deretter utarbeider Modalen Næringsbygg AS sin strategi. På det viset vil eigarskapsmeldinga kunne vere

ferdigstilt til endeleg handsaming og revidering i første år i kommande kommunestyre.

Konklusjon

Rådmannen legg her fram dokument og føreslegne rutinar som er i tråd med revisjonen sine tilrådingar. I dokumentet «Eigarskapsmelding – Modalen kommune» er det i vedlegg vist til kva oppgåver eigarrepresentanten skal sikre framlagt for styret i Modalen Næringsbygg AS. Desse er i tråd med tilrådingane.

Rådmannen tilrår på dette grunnlaget at kommunestyret vedtek framlegg til «Eigarskapsmelding – Modalen kommune» m/ vedlegg slik ho ligg føre.

Vedlegg:

Eigarskapsmelding - Modalen kommune.

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-026	18/48

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
024/2019	Kommunestyret	PS	02.05.2019

IKT Nordhordland - utviding med fleire kommunar og endring av samarbeidsavtale

Forslag til vedtak:

Modalen kommune vedtar at **IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap** vert utvida med kommunane Austevoll, Gulen og Samnanger.

Modalen kommune vedtar samarbeidsavtalen for **IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap** slik den ligg føre.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunestyra i eigarkommunane til IKT Nordhordland (IKTNH) gjorde i juni 2018 vedtak om at ein skulle starta opp arbeidet med å sjå på moglege utviding av IKTNH.

IKT Nordhordland vart etablert i 2011 gjennom ein samarbeidsavtale mellom Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy, Radøy og Vaksdal om leveranse av IKT-tenester til kommunane. Eininga vart organisert som eit § 28 vertskommunesamarbeid med Osterøy kommune som vertskommune. I 2018 vart samarbeidet omgjort til eit § 27 samarbeid.

Samarbeidet har ført til gode og effektive IKT-tenester i regionen, og samarbeidskommunane har fått gode og effektive tenester av høg kvalitet.

Sidan 2016 har Austevoll kommune kjøpt IKT-tenester av samarbeidet.

Eigarkommunane har hatt to saker om IKTNH til handsaming i løpet av 2018:

- Februar 2018
 - Omgjering av vedtektene frå § 28 til eit § 27 selskap
 - Oppstart av konseptfasen om utgreiing av spørsmålet om utviding av IKTNH
- Omgjering av vedtektene frå § 28 til eit § 27 selskap
- Oppstart av konseptfasen om utgreiing av spørsmålet om utviding av IKTNH
- Mai/juni 2018
 - Arbeidet med å utvida IKTNH bør starta så raskt som mogeleg

Bestillinga frå kommunestyra om å sjå på ei mogeleg utviding av IKTNH er no gjennomført. Vedlagt er rapporten frå arbeidsgruppa og forslag til endring av samarbeidsavtalen

Vurdering

Utgreiingsarbeid (rapport Hovudprosjekt Utviding IKTNH) er no gjennomført og konklusjonen er at IKTNH bør utvidast med kommunane Austevoll, Gulen og Samnanger. Austevoll er i dag drifta av IKT Nordhordland og det vil berre vera mindre justeringar når dei vert tatt inn som ordinært medlem. Dei to andre kommunane har ein struktur og storleik som gjer at dei lett kan takast inn i drifta til IKTNH. Alle tre kommunane ønskjer å bli med i IKTNH som ordinær deltakar.

Ei utviding vil medføra betre utnytting av den kapasitet og kompetanse som IKTNH har bygd opp. Og vil frigjera ressursar som kan styrkja naudsynt satsing på digitalisering og innovasjon for å møte framtidige behov og krav på ein god måte.

Tilleggskostnader for implementering av utvidinga vert finansiert av kommunen dette gjeld.

Ei utviding av IKTNH vil stilla større krav til eintydig styringsstruktur. Det vert derfor tilrådd at IKTNH vert eit eige rettssubjekt. Det betyr følgjande:

- Osterøy kommune vert ikkje lenger kontorkommune
- Dei tilsette vert overført frå Osterøy kommune med alle rettar til IKTNH
- IKTNH kan vera ein avtalepart og inngå avtaler
- IKTNH kan ta opp lån.

Dette legg til rette for ei god drift framover, og seinare eit grunnlag for vidare utviding dersom det skulle bli naturleg.

Rapporten og den konkrete tilrådinga:

- IKTNH vert utvida med kommunane Austevoll, Gulen og Samnanger
- IKTNH vert eit eige rettssubjekt

Dette er støtta av rådmannsutvalet i møte 14.01.19 i sak 3/19 og Regionrådet i møte 25.01.19 i sak 6/19. Saka har også vore i strategiutvalet og seinast i rådmannsutvalet 29. mars 2019.

Konklusjon

I ny kommunelov er § 27 erstatta med § 19 som er kommunalt oppgåvefellesskap. For den type oppgåver som IKTNH utfører, er det naturleg at samarbeidet vert vidareført som eit kommunalt oppgåvefellesskap.

Kommunelova § 19 set formelle krav til kommunalt oppgåvefellesskap. Desse krava er ivaretatt i vedlagte forslag til samarbeidsavtale. Representantskapet er det øvste organet i eit kommunalt oppgåvefellesskap og bør i dette tilfelle bestå av ordførarane i deltakarkommunane. Representantskapet vedtek dei overordna føringane for selskapet og vel eit styre som bør bestå av rådmennene i deltakarkommunane.

Vedlegg:

Fylgjeskriv - sak IKTNH utviding til kommunestyra

IKTNH Utviding Hovudprosjekt

Samarbeidsavtale IKT Nordhordland - 12 kommunar - §19

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø	FE-080	19/107

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
	Formannskapet	PS	
025/2019	Kommunestyret	PS	02.05.2019

Revidering av reglement for godtgjersle til folkevalde.

Forslag til vedtak:

Modalen kommune vedtek vedlagte reviderte utgåve av «Modalen kommune - Reglement for godtgjering til folkevalde» slik ho ligg føre.

Saksopplysningar:

Reglement for godtgjering til folkevalde vart sist revidert i kommunestyret 09.04.15. KS anbefalar at avtroppande kommunestyre fastset godtgjeringa til påtroppande kommunestyre.

Bakgrunn

Det føreligg ikkje nye retningsliner frå KS utover dei som låg til grunn ved førre revidering. Rådmannen har lagt til grunn ein auke i satsane på 11,2 %, prisveksten frå 2015 – 2019. Godtgjersle til ordførar skal vere 75 % av stortingsrepresentantløn. Stortingsrepresentantløna er pr. 1. mai 2018 kr. 956 463,-.

Vurdering

Rådmannen si vurdering er at revisjonsarbeidet gjennomført i 2015 i hovudtrekk også bør liggje til grunn for kommande periode.

Konklusjon

Rådmannen rår til at revidert utgåve av «Modalen kommune - Reglement for godtgjering til folkevalde» vert vedteken slik ho ligg føre.

Vedlegg:

Reglement for godtgjersle til folkevalde, rev. 2019.